



Arkivnr: 2014/2-35  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		06.05.2014

## Oppstart av fagskuletilbod innan helse- og sosialfag hausten 2014

### Samandrag

Fusa fagskule har søkt Hordaland fylkeskommune om tilskot til fagskuleutdanning under tilskotsordninga som er delegert til fylkeskommunane frå Helsedirektoratet. Tilskota skal dekkje driftsutgifter for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag og vart innført frå 01.07.2009. Av di vedtak om fordeling av tilskot kjem etter møtet i Hordaland fagskulestyre 6. mai 2014, er det enda ikkje klart kva tilbod Fusa fagskule kan få støtte for og starta opp. Sekretariatet vil difor tilrå at Fusa fagskule kan starta opp dei tilboda dei vert gjeve tilskot for dersom det er nok søkjarar, og etter dei føresetnader Opplærings- og helseutvalet set.

### Forslag til vedtak

Fusa fagskule vert gjeve løyve til å starta opp dei fagskuletilboda innan helse- og sosialfag som skulen vert gjeve tilskot for etter vedtak i Opplærings- og helseutvalet dersom det er nok søkjarar.

Svein Leidulf Heggheim  
Fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

1 Søknad om tilskot til helse- og sosialfag hausten 2014

**Fylkesrådmannen, 14.04.2014**

Fusa fagskule har søkt Hordaland fylkeskommune om tilskot til fagskuleutdanning under tilskotsordninga som er delegert til fylkeskommunane frå Helsedirektoratet (søknaden ligg som vedlegg til saka). Tilskota skal dekkje driftsutgifter for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag og vart innført frå 01.07.2009. Tilskota er soleis øyremerka midlar, og vert gjeve etter faste satsar i høve til talet på studentar ein har fått tilskot for. Sak om fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag vil verte handsama i Opplærings- og helseutvalet 13. mai 2014.

Fusa fagskule har søkt tilskot til følgjande tilbod og tal på studentar:

Tilbod	Tal studentar
FHH01D Psykisk helsearbeid	30
FFH04D Rehabilitering	15
FFH05D Kreftomsorg og lindrande pleie	15
FHH08D Rus- og avhengigheitsproblematikk	15
FHH10D Spesialreinhald og steriltforsyning	15
FHH12D Helse, aldring og aktiv omsorg	30
FHH13D Livsstils- og kroniske sjukdomar	15

Av di vedtak om fordeling av tilskot kjem etter møtet i Hordaland fagskulestyre 6. mai 2014, er det enda ikkje klart kva tilbod Fusa fagskule kan få støtte for og starta opp. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil difor tilrå at Fusa fagskule vert gjeve løyve til å starta opp dei tilboda dei vert gjeve tilskot for dersom det er nok søkjarar, og etter dei føresetnader Opplærings- og helseutvalet set.

Tidlegare år har det gjerne ikkje vore nok søkjarar til alle tilbod etter søknadsfristen 15. april. Fusa fagskule og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har difor samarbeidd om å marknadsføra dei tilboda som har størst søknad for å rekruttera fleire studentar fram mot skulestart. Dette vil også vere føremålstenleg å gjere i år.